

## Nedlegging av skular i Bergen

Då skulebruksplanen vart vedteken i mars 2013 vart Fana gymnas føreslått nedlagt. Etter massive protestar vart effektueringa av dette vedtaket utsett, og ein skulle vurdera skulen sitt eksistensgrunnlag på nytt i løpet av 2016. Saka om Fana gymnas var sett opp på Fylkestinget sitt møte i juni, men er no flytta til hausten, mest truleg i desembertinget. I sakspapira er skulen på nytt føreslått nedlagt, frå og med hausten 2016.

Etter fylkeskommunen sine vurderingar har stor-Bergen ein overkapasitet på studieførebuande programområde, studiespesialisering, på om lag 1000 elevplassar. Langt dei fleste av desse finn ein i Bergen vest.

I sakspapira står det at elevane skal fordelast til skular med ledig kapasitet gjennom det frie skulevalet. Får ikkje elevane plass på førstevalet sitt, får dei plass på andre- eller tredjevalet. Gjennom å byggja ned den offentlege vidaregåande skulen i fylket håpar fylkeskommunen å redusera den antatte overkapasiteten. Det store spørsmålet her er om elevane som i dag går på Fana gymnas vel å søkja seg til skular i Bergen vest, eller om dei søker seg til dei private tilbydarane i Bergen sentrum. Dersom nedlegging av skular fører til overføring av offentlege midlar til private aktørar, er det dårleg forvaltning av den offentlege skulen.

Dersom ein skule skal leggjast ned, eller vert slått saman med ein annan, er det viktig at sakspapira seier noko om kva som skal skje med personalet, slik at dei ikkje vert overlatne til ei svært ubehageleg uviss om framtida si. Ved tidlegare nedleggingar har ein hatt ein plan for kva som skal skje med personalet. Dei tilsette har altså visst om dei vart overført til andre skular, eller om dei måtte søkja nye stillingar. Det er god arbeidsgjevarpolitikk.

Utdanningsforbundet Hordaland krev at det i sakspapira i skulebruksplanen kjem inn ein plan for kva som skal skje med personalet når delar av, eller heile skular, vert flytta eller lagt ned.

Kva er overkapasitet? Handlar det om at det er skular som har plass til fleire klassar, og som dermed ikkje får utnytta den fysiske kapasiteten sin? Eller er overkapasitet at klassar ikkje vert fylt opp av elevar? Og kor mange elevar ser ein for seg at det er plass til i klassar på studiespesialiserande og på yrkesfag? Dette er det viktig å klargjera, elles gir ikkje omgrepet overkapasitet meining. I Hordaland fylke har ein ikkje lenger ei norm for kor mange elevar ein kan ha i ein klasse. Ein ser allereie klassar på godt over 30 elevar på studiespesialiserande og over 16 elevar på yrkesfag. Dette fører til dårlegare læringsmiljø for elevane og større sjanse for fråfall. Lærarane får og dårlegare arbeidsmiljø og monaleg større arbeidsbelastning.

Turid Strømmen

Leiar medlemsråd VGO/fagskule  
Utdanningsforbundet Hordaland

Arild Ingvaldsen

Nestleiar medlemsråd VGO/fagskule  
Utdanningsforbundet Hordaland